



Møteprotokoll for Utval for drift og utvikling

Møtedato: 14.10.2014
Møtestad: Meland rådhus - formannskapssal
Møtetid: 16:00 - 16:50

Møtet vart styrt av nestleiar Ragnar Bratland.
Medlemmane var innkalla i skriv d. 06.10.2014.

Møtet starta med ei orientering av skog- og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen om ferdsel i innmarksbeite og kva lovverk som vert gjort gjeldande.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Ragnar Bratland	H	Nestleiar
Jorunn Signe Brakstad	H	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Ture Andersen	FrP	Varamedlem
Jan Rudolf Rantrud	MDG	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Atle Håtuft	FrP
Henriette Fennelly	FrP
Leif Johnsen	MDG

Desse møtte frå administrasjonen: Sektorsjef teknisk Anny Bastesen

Protokollfører: Lillian Straumøy Brakstad

Utval for drift og utvikling
15.10.2014

Ragnar Bratland
nestleiar

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
83/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
84/2014	Godkjenning av møtebok
85/2014	Referatsaker
86/2014	Delegerte saker
87/2014	Klage på reguleringsplan Elvaåsen
88/2014	Reguleringsendring - E39 over Flatøy - 2. gongs handsaming og godkjenning
89/2014	GBNR 36/125 - SØKNAD OM DISPENSASJON FOR LØYVE TIL BYGGING AV TILKOMSTVEG TIL FRITIDSBUSTAD
90/2014	Reguleringsplan Bergotunet - 5.g. handsaming
91/2014	Aktuelle saker

83/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

14.10.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Grunna sjukdom gjekk orienteringa om kommuneplanen sin arealdel ut. Meland kommunestyre skal ha ekstrasamøte 03.11.2014 kl 17.00. Utval for drift og utvikling vert kalla inn til møte same dag kl 16.00 for orientering om kommuneplanen sin arealdel.

UDU - 83/2014 VEDTAK:

"Innkalling og sakliste vert godkjend."

84/2014: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjent.

14.10.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 84/2014 VEDTAK:

"Møtebok for Utval for drift og utvikling frå møte 02.09.2014 vert godkjent."

85/2014: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

14.10.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 85/2014 VEDTAK:

"Utval for drift og utvikling tek meldingane vert tekne til orientering."

86/2014: Delegerete saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerete saker vert tekne til orientering.

14.10.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Det vart orientert om DS 254/2014 og 258/2014.

UDU - 86/2014 VEDTAK:

"Utval for drift og utvikling tek delegerete saker til orientering."

87/2014: Klage på reguleringsplan Elvaåsen

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret finn at motteken klage dagsett 2.4.2014 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at godkjenning av 25.9.2013 i Kommunestyret sak 063/13 kan gjerast om. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje. Det vert vist til sakutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka vert på denne bakgrunn sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Kommunestyret gjer om § 2.3 i føresegner som vert endra som følgjer:

§2.3. Utbyggingsavtale

1. Det kan utarbeidast utbyggingsavtale mellom Meland kommune og tiltakshavar.
2. Utbyggingsavtalen bør utanom rekkeføljekrava i § 2.4, avklare opparbeiding og overtaking av anlegg for offentleg drift. Utbyggingsavtalen kan også omhandla andre tilhøve i samsvar med Plan- og bygningslova.»

14.10.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 87/2014 FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Kommunestyret finn at motteken klage dagsett 2.4.2014 ikkje inneheld ny grunngjeving eller nye opplysningar som tilseier at godkjenning av 25.9.2013 i Kommunestyret sak 063/13 kan gjerast om. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje. Det vert vist til sakutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka vert på denne bakgrunn sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Kommunestyret gjer om § 2.3 i føresegner som vert endra som følgjer:

§ 2.3. Utbyggingsavtale

1. Det kan utarbeidast utbyggingsavtale mellom Meland kommune og tiltakshavar.
2. Utbyggingsavtalen bør utanom rekkefølgekrava i § 2.4, avklare opparbeiding og overtaking av anlegg for offentleg drift. Utbyggingsavtalen kan også omhandla andre tilhøve i samsvar med Plan- og bygningslova.»

88/2014: Reguleringsendring - E39 over Flatøy - 2. gongs handsaming og godkjenning

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret i Meland kommune godkjenner reguleringsendring for E39 over Flatøy i samsvar med plankart journalført 03.06.2014. Planid. 1256 2011 0007. Det er føresett at nødvendige grunnavtalar vert ivareteke og at riggområde er mellombels medan gjennomføringa av tiltaket føregår. Vedtaket er gjort med heimel i plan og bygningslova § 12-12.

14.10.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 88/2014 FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Kommunestyret i Meland kommune godkjenner reguleringsendring for E39 over Flatøy i samsvar med plankart journalført 03.06.2014. Planid. 1256 2011 0007. Det er føresett at nødvendige grunnavtalar vert ivareteke og at riggområde er mellombels medan gjennomføringa av tiltaket føregår. Vedtaket er gjort med heimel i plan og bygningslova § 12-12."

89/2014: GBNR 36/125 - SØKNAD OM DISPENSASJON FOR LØYVE TIL BYGGING AV TILKOMSTVEG TIL FRITIDSBUSTAD

Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6 dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel, forbodet mot bygging i 100-metersbeltet langs sjø og krav om reguleringsplan for tiltak i byggeområde, for bygging av grusveg på gnr 36 bnr 125 i Meland kommune. Det vert vist til situasjonskart vedlagt søknad journalført 4.7.2014.»

Framlegg til vedtak i møtet:

Som framlegget frå administrasjonen med følgjande tillegg:

Vegen skal kunna nyttast som tilkomstveg for eventuelle framtidige fritidsbustader i området.

14.10.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

framlegg frå

Framlegg til vedtak i møtet:

Som framlegget frå administrasjonen med følgjande tillegg:

Vegen skal kunna nyttast som tilkomstveg for eventuelle framtidige fritidsbustader i området.

Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg til vedtak 0 røyster for, 8 i mot og fall.

Framlegg til vedtak i møtet fekk 8 røyster for, 0 i mot og er såleis samrøystes vedteke.

UDU - 89/2014 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6 dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel, forbodet mot bygging i 100-metersbeltet langs sjø og krav om reguleringsplan for tiltak i byggeområde, for bygging av grusveg på gnr 36 bnr 125 i Meland kommune. Det vert vist til situasjonskart vedlagt søknad journalført 4.7.2014. Vegene skal kunna nyttast som tilkomstveg for eventuelle framtidige fritidsbustader i området.»

90/2014: Reguleringsplan Bergotunet - 5.g. handsaming

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret godkjenner framlegg til reguleringsplan for Bergotunet, planid 1256 2011 002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 03.09.2014 og med reguleringsføresegner av same revisjonsdato. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.»

14.10.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 90/2014 FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Kommunestyret godkjenner framlegg til reguleringsplan for Bergotunet, planid 1256 2011 002, som vist på plankart med siste revisjonsdato 03.09.2014 og med reguleringsføresegner av same revisjonsdato. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.»

91/2014: Aktuelle saker

14.10.2014 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 91/2014:

Følgjande tema vart teke opp frå:

Leif Johnsen, MGD har i e-post d. 14.10.2014 stilt spørsmål om opprydding på tidlegare boss plass ved noverande Mjåtveit Næringspark. **Administrasjonen vil orientere på neste møte i UDU.**

Ragnar Bratland, H etterlyser tiltak for opprydding i industriområde på Mjåtveit. **Administrasjonen vil snarast starte ulovlegheitsoppfølging for nemnde tiltak.**

Anne Grete Eide, AP viser til skriv frå Fylkesmannen i Hordaland - Miljøvernavdelinga vedk oversikt over hamner og felles avfallsplan for småbåthamner. **Administrasjonen: Arbeidsoppgåve er ikkje prioritert.**

Administrasjonen - aktuelle saker frå møte 03.09.2014:

- Fysioterapitenesta har vorte utvida sidan parkeringsplassane for denne tenesta vart tildelt og kommunen har p.t. ikkje fleire tilgjengelege parkeringsplassar.

- Garasje i Holmemarka er søkt om og oppført etter gjeldande lovverk.
